



OSTERØY IDROTTSKLAG

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I OSTERØY I.L. 1996

Årsmøtet vart halde i Osterøy Stadionbygg, onsdag 11.12. kl. 19.00.

15 medlemmar var til stades.

Leiaren ønskte velkommen.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: **Godkjent utan merknader.**

2. Val av ordstyrar og referent

Vedtak: **Svein Lohne vart vald til ordstyrar og Britt Lohne Tufta vart vald til referent**

3. Årsmelding 1996

Sekretæren las opp årsmelding frå styret. Kortversjonen av gruppe årsmeldingane var med i årsmeldinga. Trialgruppa si årsmelding blei lagt fram på årsmøtet. Leiaren bemerkta at ikkje alle gruppene hadde følgd malen som styret hadde utarbeidd. Vidar Simmenes hadde merknad til årsrapporten vedr. Gang og Turmarsj der det skulle vera 10 arrangement av Haustrimmen.

Vedtak: **Årsmeldinga vart godkjent mot at merknaden blei retta opp.**
Dette er gjort.

4. Rekneskap 1996.

Kasseraren las opp rekneskapen og revisormeldinga

Kommentarar: Britt Lohne Tufta bemerkta at verdien av Ostrøy Stadionbygg ikkje viste i noko reknskap.

Bjarte Lohne påpeikte at revisorane ikkje hadde fått teke stikkprøvar for å finna ut om det var gjort noko ulovlege rekneskapsføringar.

Det kom spørsmål til fri-idrettsgruppa om posten gåver / utmerknader.

Inge J Reigstad kommenterte at skigruppa sitt tilskot til lysløypa var med i deira rekneskap og spurde kor tilskotet til dei andre banene skulle synleggjerast i rekneskapen, og han bad styret handsama dette. Leiaren oppfordra alle dei som kom med forslag til å senda desse skriftleg til styret.

Svein Lohne peika på at utgiftene til Osterøy Stadionbygg er for store. Det må arbeidast med å få dei ned.

Øystein Fossdal sa at det var underskot på friidrettsgruppa sin rekneskap fordi det var ført ein del utgifter for 1995 på dette rekneskapsåret.

Fotball gruppa hadde underskot på grunn av svikt i inntektene på første banedansen.

Skigruppa hadde overskot fordi dei hadde fått ut tippemidlane til lysløypa. Magnus Mjelde sa at ikkje hadde fått ut alle tippemidlane p.g.a. at dei hadde brukt for lite.

Turngruppa hadde overskot på grunn av stor medlemsauke og mindre utgifter enn i fjor. Merknad frå Jørgen Varden om at det var ein vesentleg skildnad på gruppene når det galdt eigenkapital. Han meinte det var positive tal, men store skilnader.

Bjarte Lonne meinte at talet på medlemmar i gruppen har nesten alt å seia for rekneskapsresultatet.

Sørsmål frå Svein Refsnes om gruppene er flinke nok til å leva etter budskjettet. Dette blei drøfta.

Vedtak: Reknskapen vart godkjend slik den førelåg.

5. Innkomne forslag.

5.1 Handlingsplanen.

Handlingsplanen med forslag til endringar blei lagt fram for årsmøtet. Leiaren refererte desse.

Vedtak: Styret sitt framlegg til handlingsplan blei godkjent mot at nemninga skrivar blei endra til sekretær, og at nedskriving av ubetalte skilt skal skje i juli.

5.2 Sponsoravtale for 1997.

Styret hadde innhenta framlegg til sponsoravtale fra Sparebanken 1 Vest og Kredittkassen. Desse to utkasta var nokså like når det galdt tenester bankane kunne tilby. Men i "reine" pengar låg Sparebanken 1 Vest 5000 kr. høgare enn Kredittkassen. Dei to framlegga blei nøye drøfta, og alle som tok ordet tykte det var bra at styret no hadde forhandla med to likeverdige sponsorkandidatar. Sidan det førelåg 2 framlegg, vart det skriftleg avstemming.

Vedtak: Sponsoravtalen med Sparebank 1 Vest vart godkjentkjendt med 14 stemmer for og ei blank stemme.

6. Medlemspengar for 1997.

Vedtak: Ingen endring i kontingenten. 150 kr for vaksen og 50 kr for born t. o m. 17 år.

7. Budsjett for 1997

Framlegg til budsjett blei lagt fram med forklaringar og drøfta. Kasseraren meinte at dette arbeidet går framover. Det er likevel vanskeleg å ha klart eit budsjett til årsmøtet når siste gruppeårsmøtet vart halde så seint som i år.

I 1997 vil overføringane til gruppene frå hovudkassen bli mindre enn gruppene har budsjettert. Difor må gruppestyra justera dette i sine budsjett.

Dersom styret vedtek at rekneskapsføringa skal betalast, fører det til at overføringane vert endå mindre.

Det kom spørsmål om midlar til vedlikehald av Osterøy Stadionbygg. Det er det ikkje avsett midlar til. Dette kan også føra til endring i budsjettet.

Vedtak: Styret sitt framlegg til budsjett vart godkjendt mot at gruppene må justera sine budsjett i høve til godkjendt budsjett med merknader.

8. Val

Valkomiteen hadde ikkje forslag til årsmøtet på leiar og økonomiansvarleg.

Vedtak: **Det vert kalla inn til ekstraordinert årsmøte torsdag 9. januar kl. 19.00 i Osterøy Stadionbygg. Der vert det ei sak; val.**

Etter årsmøtet kom leiaren Svein Lohne med sine visjonar for framtida for Osterøy Idrottslag

Styret hadde ordna med mat og drikke, og møtet var slutt ca. kl. 23.00.

Valestrandsfossen, 8.1.97.

Britt Lohne Tufta
referent